

# Interpellasjoner og spørsmål til fylkestinget, 28.-29.september 2022

Frist for å sende inn interpellasjon: Torsdag 22.september, kl 0900

Frist for å sende inn spørsmål: Tirsdag 27.september, kl 0900

## Oversikt over mottekne interpellasjoner og spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Jana Midelfart Hoff (H) (Første gang meldt inn til fylkestinget, 14.-16.12.21)	Gi bedre tilgang til frukt dyrket på Vestlandet og redusere matsvinn
2.	Noralv Distad (H)	Solceller som energikjelde
3.	Kurt Hæggernæs (PP)	Strømtøtte til minstepensjonistar i Vestland fylke
4.	Jeanette Onarheim Syversen (R)	Ein kraftpolitikk for kraftfylket Vestland
5.	Knut Inge Andersen (FP)	Vestland fylkeskommune vil styrke jordvernet
Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Marianne Sæhle (SV)	Om val av hotell for fylkestinget
2.	Symphorien Pombe (SV)	Oppfølging av risikokjeden for mineraler
3.	Jeanette Onarheim Syversen (R)	Vindkraft
4.	Stian Davies (AP)	Frafall og/eller dårlig psykisk helse både under og etter arbeidskonflikt
5.	Nils Haugland (FP)	Tannhelsetenester
6.	Nils Haugland (FP)	Trafikksikring

## MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

### 1. Jana Midelfart Hoff (H); Gi bedre tilgang til frukt dyrket på Vestlandet og redusere matsvinn

#### Gi bedre tilgang til frukt dyrket på Vestlandet og redusere matsvinn

I veien mot et mer bærekraftig samfunn, er det å redusere matsvinn en prioritert oppgave. At mat produseres, for så å bli kastet, er en enorm sløsing med både ressurser og arbeidskraft. Matsvinn er også her i Norge et betydelig problem, i 2019 ble det kastet 417.000 tonn mat ([www.matvett.no](http://www.matvett.no)).

2021 var et svært godt fruktår i Vestland, med god kvalitet og godt salg. Høye temperaturer i juli og august, gav rask modning for hver sort, og at det ble stor overlapping mellom sorter. Dette gav betydelige utfordringer for produsentene med å få høstet til rett tid, for fruktmottakene sin kjøle- og pakkekapasitet, og for salgsapparatet til å få distribuert og omsatt frukten raskt nok, mens kvaliteten var god.

Den største utfordringen i 2021 var plommer, der mengdene var større enn rekordåret 2019, men med kortere tid å selge på. Mottakene i Vestland tok imot nær 1500 tonn plommer i 2021, i tillegg ble trolig 20% hengende igjen på trærne på grunn av markedssituasjonen og varmt vær (Kilde: Vestland fylkeskommune). For fruktbonnene ligger imidlertid det største økonomiske tapet på det som høstes, men ikke selges - og i 2021 utgjorde dette i overkant av 100 tonn (Kilde: Vestland fylkeskommune) Størsteparten har gått til dyrefôr eller blitt levert deponi.

At norsk frukt i toppklasse må kasseres fordi distribusjonsnett og salgsapparat kneler, og vare ikke når ut til forbruker, er ikke bare et problem for fruktbonnene, men også et samfunnsproblem. Fruktdyrkingen på Vestlandet har to «rekordår» bak seg, vi må forvente at det kommer flere i fremtiden.

#### Spørsmål:

- Vil Vestland fylkeskommune gå i dialog med regionens fruktbønder og næringsliv for å forhindre at man også i fremtiden må kassere frukt av høy kvalitet på grunn av underdimensjonert distribusjons og salgsapparat?
- På hvilken måte kan fylkeskommunen bidra for å få etablert alternative distribusjonskanaler og tiltak som markeds kampanjer i sesongen?

#### **Vedtak:**

Vestland fylkesting anmoder sentrale myndigheter sammen med næringsliv raskt å gå i dialog med fruktbøndene i Norge, på hvordan man kan etablere alternative distribusjonsnettverk og styrke salgsapparat. Det er viktig å komme hurtig i gang med arbeidet, slik at man er forberedt til frukthøsten 2022. Vestland fylkesting ber også Vestland fylkeskommune se på muligheten for lokale tiltak, så som målrettede salgskampanjer i sesongen - også via sosiale media - og tilrettelegging for at forbruker kan kjøpe frukt direkte på fruktlager eller hos produsent.

#### **Svar frå fylkesordføraren**

#### **Vil Vestland fylkeskommune gå i dialog med regionens fruktbønder og næringsliv for å forhindre at man også i fremtiden må kassere frukt av høy kvalitet på grunn av underdimensjonert distribusjons og salgsapparat?**

Fylkeskommunen er ikkje i direkte kontakt med fruktdyrkarane, men har fleire arenaer for dialog med landbruksnæringa. Landbrukspartnarskapen der også Vestland bondelag, Sogn og Fjordane bonde og småbrukarlag og Hordaland bonde og småbrukarlag er representert, har faste møteplassar. Som ledd i å realisere måla i planar knytt til innovasjon og næringsutvikling har fylkeskommunen samarbeidsavtale mellom anna med Njøs frukt og bærseier, Matarena og Hardanger Siderprodusentlag. Fylkeskommunen er også representert i programstyret for frukt og bær der 5 av fruktlagera i fylket er viktige deltakarar.

Fylkeskommunen kan støtte opp om arbeidet som blir gjort i næringa, mellom anna gjennom å gje tilskot til prosjekt som kan bidra til å auke verdiskapinga. Hovudutval for næring vedtok å lyse ut 3,25 millionar kr til dette føremålet på møte 14. september 2022. Utlysinga ligg ute med søknadsfrist 15. november 2022.

#### **På hvilken måte kan fylkeskommunen bidra for å få etablert alternative distribusjonskanaler og tiltak som markeds kampanjer i sesongen?**

Fruktbøndene er sjølvstendig næringsdrivande og bestemmer sjølve på kva måte dei vel å omsetje frukta si. Fylkeskommunen har ikkje fått signal frå næringa om at det er ynskje om fleire distribusjonskanalar. Kampanjar i marknaden har fylkeskommunen ikkje tradisjon for eller kompetanse til, korkje i frukt næringa eller i andre næringar.

## **2. Noralv Distad (H); Solceller som energikjelde**

### **Solceller som energikjelde**

Det brutale russiske angrepet på Ukraina har skapt energikrise i Europa, med store verknader også for Noreg. Situasjonen krev no at det vert sett i verk fleire tiltak: straumstøtte til hushaldningar og bedrifter, raskare utbygging av meir fornybar energi og energiøkonomisering. Fylkestinget i juni i år vedtok å oppfordra til kortsiktige tiltak som gjev stor effekt. Dette kan vera å innføre momsfritak på varmepumper og solceller. Dette har også ein tydeleg klimavennleg profil. Fylkesutvalet gav i august positiv fråsegn til framlegg om endring i EU sitt fornybardirektiv. Eit sentralt punkt er at innan utgangen av 2026 skal alle nye offentlege og kommersielle bygg over 250 m ha solceller. - Innan 31. desember 2027 skal alle eksisterande offentlege og kommersielle bygg på over 250 m ha solceller. Men med opning for unntak der dei topografiske forholda gjer dette vanskeleg. Tida er inne for handling. Vestland fylkeskommune må sjølvstendig gå inn i eiga verksemd og eigne bygg, både eksisterande og dei som er under bygging. I tillegg bør ein sjå på tiltak som overbygg med solcellepanel på eigne parkeringsplassar. Det er ingen grunn til å venta på formell godkjenning av nye direktiv, situasjonen for energi og klima krev tiltak no.

#### **Spørsmål til fylkesordføraren:**

Kan fylkesordførar gje status for eksisterande og planlagd bruk av solceller i Vestland?

Vil fylkesordførar ta initiativ til forsert utbygging av solceller på fylkeskommunale bygg og anlegg?

#### **Framlegg til vedtak:**

Fylkestinget ber om ein konkret handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, både eksisterande og dei som er under oppføring, med tanke på realisering frå 2023 og vidare i økonomiplanperioden. Solcellepanel på parkeringsplassar bør og inngå som tiltak i denne planen.

### Svar frå fylkesordføraren

#### Kan fylkesordførar gje status for eksisterande og planlagd bruk av solceller i Vestland?

Alle fylkeskommunale nybygg og større ombyggingar dei siste åra er etablert med solcelleanlegg.

Følgjande ferdigstilte fylkeskommunale bygg har solcelleanlegg:

- Fjøs på Sogn jord- og hagebruksskule (Aurland)
- Arna vgs
- Åsane vgs
- Sogndal vgs avd Kaupanger/Vitemeir

Følgjande fylkeskommunale bygg under planlegging og oppføring vil få solcelleanlegg:

- Fylkeshuset i Bergen
- Askøy vgs
- Førde vgs
- Verkstadsbygget Mo og Øyrane vgs (Førde)
- Stord vgs,
- Langhaugen vgs,
- Kvam vgs

#### Vil fylkesordførar ta initiativ til forsert utbygging av solceller på eksisterande fylkeskommunale bygg og anlegg?

Fylkesordføraren viser til forslaget til vedtak i interpellasjonen. Dersom fylkestinget går inn for dette vil det vere eit initiativ om forsert utbygging av solcelleanlegg, som fylkesdirektøren må følgje opp, og komme tilbake til folkevalde organ med forslag om gjennomføring og realisering.

### **3. Kurt Hæggernæs (PP); Strømstøtte til minstepensjonistar i Vestland fylke**

#### **Vestland fylke gir minstepensjonistene kr. 5.000,- i strømstøtte**

Alle i samfunnet blir i dag berørt av de enorme økningene i strømprisene i Norge. Fra priser på 20 – 30 øre pr kw, til rekordpriser opp mot 10 kr. pr kw, så sliter de fleste og det selv om staten gir en del i strømstøtte.

Når en i samtidig har en prisvekst på andre områder som, renter drivstoff og en kraftig prisvekst matvare-prisene blir byrden enda vanskeligere å håndtere.

I Norge har de ca. 140.000 minstepensjonister som daglig lever under fattigdomsgrensen nå fått enda større problemer. Å leve i fattigdom var vanskelig nok før strømkrisen og da kan vi bare tenke oss hvordan de har det nå. Når man må kutte i livsnødvendigheter som mat og medisiner, helsebehandling, ja da er fortvilelsen og maktløsheten passert lang over det som mange klarer å bære.

**Dette er uverdigg og en nedverdiggende behandling av minstepensjonistene.**

Tiden er inne til å si fra at dette aksepterer vi ikke og vi må gjøre noe med det.

**Jeg har følgende spørsmål til fylkesordføreren?**

1. Mener fylkesordføreren at det er greit at minstepensjonistene skal slite med strømregningene, når Vestland fylkeskommune og staten håver inn beriker seg stort på strømkrisen.
2. Vil fylkesordføreren ta initiativ til at Vestland fylkeskommune vedtar å gi en strømstøtte til minstepensjonistene i Vestland fylke på kr. 5.000,-

#### **Forslag til vedtak:**

Vestland fylkeskommune mener det ikke er riktig at minstepensjonistene skal slite med høye strømkostnader mens det offentlige skal sko seg med store strøminntekter.

Vestland Fylke er svært bekymret for minstepensjonistenes økonomiske hverdag der mange ikke har penger til livsnødvendigheter som mat, helsebehandling og medisiner og som medfører at mange av økonomiske grunner ikke kan ta del i et normalt samfunnsliv.

Fylkestinget vedtar at minstepensjonistene i Vestland fylke gis en strømstøtte på kr.5.000,- Midlene tas fra konsesjonsinntektene for strøm, eller fra fylkets mindreforbruk/overskudd.

### **Svar frå fylkesordføraren:**

#### **Spørsmål 1**

Norge og Europa står i ein ny og ukjend situasjon i lys av prisutviklinga for energi over det siste året. Dette er ein uoversiktleg situasjon som rammar breitt, og i ulik grad. Det er positivt at det offentlege har innført strakstiltak som skal dempa dei verste utslaga for privatpersonar, og at ein følgjer utviklinga tett. Fylkeskommunen har auka inntekter, mellom anna gjennom konsesjonskraft, men på andre sida ser ein også ei kraftig auke i utgiftene grunna mellom anna inflasjonstrykk og sterkt auka energiutgifter. Det er for tidleg å konkludere med at fylkeskommunen vil ende opp med å tene på denne krisa, og dette er heller ikkje eit mål.

#### **Spørsmål 2**

Det er viktig at styresmaktene sikrar at ingen grupper vert råka i utilbørleg grad av prishoppet på energi. Viss det er sårbare grupper dårlegare som kjem dårlegare ut enn andre, er fylkesordførar sitt syn om at det vert sett inn avbøtande tiltak for å hindre at dette skjer. Pensjonistar som privatpersonar er også omfatta av straumstøtta til privathushald. Statleg nivå har elles ansvaret for trygdeoppgjering.

## **4. Jeanette Onarheim Syversen (R); Ein kraftpolitikk for kraftfylket Vestland**

EIN KRAFTPOLITIKK FOR KRAFTFYLKET VESTLAND.

Vestland fylkesting har etter stortingsvalet i fjor bede den nye regjeringa og det nye Stortinget om å syte for stabile og låge kraftprisar for innbyggjarar og næringslivet. Dette har ikkje skjedd til no. I seinare tid har det kome varslar om konkurs og permitteringar i fleire bransjar og fare for stenging av kulturinstitusjonar i vårt fylke på grunn av skyhøge straumrekningar.

Etter regjeringa si straumstøttepakke ut året fredag 16. september og Stortinget sin ekstraordinære energidebatt 19. september, er enno ikkje stabile og rimelege kraftprisar på plass.

På denne bakgrunn vil eg på vegne av Raudt stille fylkesordføraren følgjande spørsmål:

1. Kor mange verksemder i Vestland fylke har til no varsla konkurs eller permitteringar på grunn av straumpriskrisa – og kva meiner fylkesordføraren at fylkeskommunen kan og bør gjere for å hindre ei slik negativ utvikling?
2. Er fylkesordføraren nøgd med strømstøtteforslaga frå regjeringa på 3 milliardar ut året? Om svaret er nei, kva initiativ vil fylkesordføraren ta for å sikre at Stortinget vedtar snarlege ytterlegare tiltak?
3. Ei rekkje kulturinstitusjonar i Vestland fylke har varsla at det slit med dei høge straumrekningane og vurderer både aktivitetsskutt og nedstenging. Kva initiativ meiner fylkesordføraren at fylkeskommunen bør ta for å hindre ei slik utvikling?

#### **Forslag til vedtak:**

Vestland fylkesting ber på nytt regjeringa og Stortinget gjennomføre ein kraftpolitikk som sikrar stabile og rimelege kraftprisar. Dette hastar. Samstundes ber fylkestinget fylkesdirektøren å utarbeide forslag til korleis fylkeskommunen best kan nytte dei ekstraordinære kraftinntektene til fylket til å redusere dei negative verknadane av straumpriskrisa i vårt eige fylke. Dette gjeld både eigne straumstøtteordningar og målretta satsing på energieffektiviseringstiltak.»

### **Svar frå fylkesordføraren**

#### **Spørsmål 1**

Det er ikkje tvil om at mange næringar og næringsdrivande er hardt råka av prisutviklinga på energi det siste året. Fylkeskommunen har ikkje den oversikta det vert etterspurt her. Fylkeskommunen skal nytte dei verktøya som vi har for å bidra der vi kan. Samstundes er det slik at det er sentrale styresmakter som i størst grad kan ta større grep for å lette byrda, og dette har vi sett gjennom støtteordninga for næringslivet som nyleg er lansert.

## Spørsmål 2

Forslaga til straumstøtte frå regjeringa er etter fylkesordføraren sitt syn eit godt første steg for å lette krisa for mange bedrifter, men dette er neppe den ideelle løysinga for alle. Me veit også at straumstøtte til næringslivet er særleg komplekst og skil seg frå straumstøtta til privathushald. Dette synest partia på Stortinget også å innrøma. Fylkeskommunen er som alltid i tett dialog med det breie lag av straumforbrukarar, og vil halda fram med å formidla konsekvensane både gjennom administrativ melding og politisk inn til Stortinget, som me veit avgjer saka. Frå nyttår er det varsla fastprissystem for næringslivet.

## Spørsmål 3

Straumpriskrisa og pandemien er to kriser som har treft kulturfeltet hardt. Fylkeskommunen skal gjere sitt for kulturinstitusjonane, som eigar, og som pådrivar ovanfor kulturstyresmaktene.

## 5. Knut Inge Andersen (FP); Vestland fylkeskommune vil styrke jordvernet

### *Vestland fylkeskommune vil styrke jordvernet*

*Fylkesutvalet i Vestland handsama den 20.9.2022 ei fråsegn til 2.gongs høyring av arealdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune. Arealdelen legg mellom anna til grunn ei omdisponering av 250 daa dyrka jord. Eit framlegg om å fremje motsegn til denne delen av planen fall med 8 mot 6 røyster.*

*I Plan- og bygningslova framgår at berørt statleg eller regionalt organ kan fremje motsegn til kommuneplanen sin arealdel i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning for vedkommande organ sitt saksområde. Fylkesdirektøren peika i si orientering på at fylket må grunnleggje motsegn i jordvern med regionale mål og retningslinjer. Fylkesdirektøren opplyste vidare at Vestland fylkeskommune per i dag ikkje har vedteke eksplisitte mål for jordvern. I den aktuelle saka er det difor berre vist til det nasjonale målet for jordvern i saksframlegget.*

*I Hurdalsplattforma heiter det at regjeringa vil sikre at jordvern blir eit overordna omsyn i arealforvaltninga, og at ein vil gå kritisk gjennom konkrete nedbyggingsprosjekt for å vurdere om mengda prosjekt er foreinleg med dei fastsette jordvernmåla. I Vestland fylke sin Handlingsplan for Jordbruk (2022) heiter det mellom anna at : .. Vi må sikre eit sterkt jordvern... Areal og jordvern blir viktige tema i oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling, og temaplan for landbruk.*

*Nabofylket vårt Rogaland har fleire områdevis planar som er konkrete på jordvernsspørsmål : Regional plan for Jæren bruker «langsiktig grense mot landbruksområder». Dette er eit grep for å verne viktige jordbruksareal mot omdisponering. Et tidsperspektiv på fleire tiår framover skal bidra til å halde klare grenser mellom bebygde område og landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF-område). Regional plan for Haugalandet syner kjerneområde for landbruk. I retningslinjene til planen er det føringar for korleis kommunane skal ivareta jordvern og bevare landbruket sitt naturgrunnlag i forvaltning av kjerneområde og LNF-område. Regional plan for Ryfylke definerer ikkje kjerneområde for landbruk eller langsiktig grense for landbruk rundt tettstader. Kommunene er oppfordra til å fastsetje langsiktig utviklingsretning og-/eller ei langsiktig grense mellom tettstader og landbruksområder i kommuneplanen sin arealdel. I Dalane-regionen vil omsynet til jordbruket sitt produksjonsareal bli tema i ein kommande plan.*

### *Spørsmål til fylkesordføraren:*

- 1. Kva er bakgrunnen for at Vestland fylkeskommune, i motsetnad til Rogaland, ikkje har fastsett regionale mål for jordvern?*
- 2. Korleis kan fråveret av regionale mål for jordvern påverke handlingsrommet til Vestland fylke som planmynde, og i sin tur arealpolitikken til kommunane ?*
- 3. Bør Vestland fylkeskommune etablere regionale mål for jordvern?*

### *Framlegg til vedtak i fylkestinget:*

*Vestland fylkeskommune ser behov for å styrke og konkretisere eigne regionale mål for jordvern. Fylket ønskjer å stø opp under den nasjonale jordvernstrategien gjennom mål og styringsprinsipp til bruk i rollen som regional planmynde i arealsaker. Jordvern skal løftast tydeleg fram som tema i pågåande og kommande planprosessar i Vestland. Målsetjinga skal være ein arealpolitikk som stiller sterke krav til jordvern, både som bidrag til miljø- og klimapolitikken til fylket og som del av den nasjonale forsyningstryggleiken.*

## Svar frå fylkesordføraren

1. Kva er bakgrunnen for at Vestland fylkeskommune, i motsetnad til Rogaland, ikkje har fastsett regionale mål for jordvern?

Overordna nasjonale jordvernmål gjeld i Vestland fylke, og Statsforvaltaren legg stor vekt på dette i arbeidet med kommuneplanane, som er arealmynde.

**Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024** - Regional planstrategi, slår fast at det er behov ein langsiktig og målretta arealforvaltning for å bevare mangfaldet i natur, landskap og kulturmiljø i Vestland fylke. Ein regional plan for arealforvaltning vil bidra til å kunne gje god kunnskap og effektivitet i planlegginga, styrke gjennomføringa og bidra til heilskaplege val i arealpolitikken. Jordvern vil vere ein del av dette arbeidet. Føremålet med ein regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar er todelt. Det er behov for auka kunnskap om arealverdiar og det er behov for å utarbeide arealstrategiar og retningslinjer for arealbruk. Dette planarbeidet er planlagt å starte opp i perioden 2023-2024.

Dei vidareførte regionale areal- og transportplanane for Bergensområdet og Haugalandet (Etne kommune og Sveio kommune i Vestland) har innarbeidd jordvern som del av arealverdiene ivaretatt i planen.

**Regional areal- og transportplan for Haugalandet** har mål, strategiar og retningslinjer for jordvern; *Friområder, landbruksområder og verdifulle natur- og kulturområder tas vare på for langsiktig bruk og vern. Matjord vernes for framtidig matproduksjon.*

**Regional areal- og transportplan for Bergensområdet** har mål for natur, kulturmiljø og landskap og retningslinjer for differensiert arealforvaltning; *Utbygging i bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv.*

**Temaplan for landbruk.** Fylkestinget vedtok i PS 38/2021 at det skulle utarbeidast ein temaplan for landbruk, inkludert jordvern. Oppstartsaka for temaplanen blei handsama av fylkesutvalet i januar 2022. Hovudutval for næring vedtok å legge temaplanen ut på høyring i møte i september 2022. Temaplanen ligg ute på høyring med høyringsfrist 14. oktober 2022: <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/landbruk/hoyring---temaplan-for-landbruk-2023-2026/>

Jord og areal har fått ein sentral del i temaplanen. Det er føreslått eit jordvernmål som er i samsvar med det nasjonale målet (det nasjonale målet brote ned til Vestland sitt prosentvise del av arealet). Dette er det same som er gjort i Rogaland.

Vi viser elles til **Årsplan 2022 - Berekraftig verdiskaping** – regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Dette er eit delmål under satsinga på areal:

2 Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord	1 Utarbeide Temaplan for landbruk, inkludert ein jordvernstrategi for Vestland.	Utarbeide temaplan med eit jordvernmålet skal minimum følgje nasjonal jordvernstrategi. Temaplanen skal også stimulere til å nå måla i klimavertalen mellom jordbruket og staten, og sjå på korleis landbruket kan hindre ureining.	Fylkeskommunen	2022	2022	Prosjekt
	2 Sikre ein oppdatert status på jordbruksareal, og endringar over tid.	Dette tiltaket vert å sjå på i samband med utarbeiding av digitale databasar over tilgjengeleg areal, og oversikt over kva areal som skal byggast på og ikkje.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2022	2022-23	Enkeltstående initiativ

Temaplanen er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova og inneheld ikkje retningslinjer. Den er bygd opp for å auka kunnskapen, gje kommunane verktøy og noko å strekke seg etter i jordvernarbeidet.

Viser også til handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping der å sikre det biologiske mangfaldet og ta i vare matjorda er definert som eit av fire kritiske oppdrag.

**Regional plan for klima 2022-2035** er på høyring no. Planen har mål om eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrker og utviklar matproduksjonen. I retningslinjene står det m.a.;

### Klimavenleg landbruk

6. Regional og kommunal planlegging skal sikre at jordvern blir eit overordna omsyn i arealplanlegginga.

### Berekraftig næringsutvikling

7. I regional og kommunal arealplanlegging skal ny utbygging skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla. Næringsutvikling bør bli prioritert på allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord.

## 2. Korleis kan fråveret av regionale mål for jordvern påverke handlingsrommet til Vestland fylke som planmynde, og i sin tur arealpolitikken til kommunane?

Etter plan- og bygningslova skal regionale planar leggjast til grunn for kommunal planlegging. I fylkeskommunen si medverknad i kommunale planprosessar vert det lagt vekt på dei tema som er vedtatt i regionale planar, i tillegg til planfagleg rettleiing og område der fylkeskommunen er sektormynde. Det er Statsforvaltaren som er mynde for jordvern. For fylkeskommunen har ikkje jordvern til no vore eit prioritert tema i innspel og medverknad til kommunale planar.

For jordvern er kommuneplanens arealdel svært viktig i høve til heilskapleg og langsiktig planlegging. Mål og retningslinjer i regionale planar gjev heimel til å nytte motsegn dersom kommunale planar er i strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser. Manglande mål og retningslinjer gjev ikkje denne heimelen.

## 3. Bør Vestland fylkeskommune etablere regionale mål for jordvern?

Landbruks- og kommunalministrane sendte i mars 2022 brev om å Ta vare på matjorda. Der går det mellom anna fram at fylkeskommunane har ein viktig rolle som regional planmynde og bør bidra til å ivareta jordvernpolitikken på regionalt nivå.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/00a8ae8cd2fb4990a2cbe19ae5f316ef/ta-vare-pa-matjorda.pdf>

Det er lagt opp til at det kjem ein ny nasjonal jordvernstrategi før sommaren 2023 der jordvern-målet blir ytterlegare innstramma til 2000 dekar.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det vedteke at det skal utarbeidast ein Regional plan for arealforvaltning i perioden 2023-2024. I denne planen vert det vurdert utarbeiding av retningslinjer for arealbruk. Konkrete føringar innan jordvern vil kunne vere ein del av dette arbeidet.

## MOTTEKNE SPØRSMÅL

### 1. Marianne Sæhle (SV); Val av hotell til fylkesting

Vi kan i BT 22.9 lese at direktøren ved Rosendal Fjordhotell har måtte gå fra sin stilling, etter at arbeidstilsynet avdekket flere brudd på arbeidsmiljøloven. Fylkestinget hadde sitt sete på dette hotellet i juni. Jeg tror vi alle opplevde at ting ikke helt var som det skulle, med svært mange nye på jobb og en sak om at flere ansatte nettopp hadde sluttet.

Jeg skal ikke be Fylkesdirektøren kommentere en enkelt sak, men Fylkestinget har tidligere vedtatt at vi bare skal bruke hotell med tariffavtale. Vi bør vel også bare bruke hotell som følger arbeidsmiljøloven.

Derfor er mine spørsmål til Fylkesdirektøren:

Hvilke undersøkelser gjør fylkeskommunen i forkant av utvelgelsen av hotell for Fylkestinget? Blir det gjort noen individuell vurdering hver gang eller booker man etter gammel vane?

### Svar frå fylkesordføraren

Vestland fylkeskommune er opptatt av at alle anskaffingar i samband med fylkesting og andre møte/konferansar er i tråd med lovar og reglar. Det er ein føresetnad ved anskaffing av hotell, anten det er gjennom fylkeskommunen sin rammeavtale eller ved direkte anskaffing etter anskaffingsregelverket, at hotellet/verksemda opptrer i tråd med arbeidsmiljølova sine reglar. Administrasjonen kan stadfeste at alle hotell som leverer tilbod vert vurdert individuelt.

Det er fylkesordfører som legg fram aktuelle forslag til hotell for fylkestinga sine møte. Fylkesordfører sine forslag vert så følgd opp av administrasjonen, og fylkesordfører får ei tilbakemelding når anskaffingsprosessen er ferdig. Fylkestinget er store og omfattande møte, og prosessen med anskaffing av hotell eller konferansestad startar difor gjerne eitt år i forvegen.

Når det gjelder fylkestingsmøtet ved Rosendal Fjordhotell i juni 2022 vil fylkesordfører streke under at ein ikkje var klar over problema på hotellet før tingsetet starta. Fylkestinget skulle eigentleg halde møtet sitt ved Rosendal Fjordhotell i juni 2020, og anskaffinga var med dette gjennomført sommaren 2019. På grunn av covid var ikkje det mogleg å halde eit slikt fysisk fylkesting. Vestland fylkeskommune fekk avbestilt hotellet utan kostnad så framt vi kom tilbake når forholda gjorde det mogleg. Det var på denne bakgrunn planlagt at Vestland fylkeskommune skulle halde fylkestinget ved Rosendal Fjordhotell i juni 2021. Heller ikkje denne gangen var det mogleg på grunn av covid-situasjonen. Igjen vart det avtalt at fylkestinget ville komme tilbake året etter- i juni 2022.

Fylkesordføreren er kjent med at hotellet hadde nye eigarar frå januar 2022. Administrasjon gjennomførte rutinemessig synfaring på hotellet i forkant av tingsete, men det var på dette tidspunkt ikkje haldepunkt for å følge opp vidare med tanke på arbeidsmiljø og hotellet sine pliktar på dette punkt.

## 2. Symphorien Pombe (SV); Om oppfølging av vedtak om risikokjeden for mineraler

Jeg viser til min interpellasjon fra 10.juni 2020 om risikokjeden for mineraler som kobolt, nikkel og litium. Jeg spurte om fylkeskommunen stilte krav til transparens i leverandørkjeden. Fylkestinget vedtok at

*Vestland fylkeskommune vil for fremtidige anbod sette som vilkår at det skal være transparens i leverandørkjeden av batteri og kjøretøyprodusenter.*

Spørsmål:

- 1) Hvordan har dette lyktes?
- 2) Hva kan sies om oppfølgingen etter 2020?

### Svar frå fylkesordføreren

Skyss stiller krav om transparens i leverandørkjeda knytt til batteri og andre energilagre-/system.

Driftskontraktane som Skyss har inngått med operatørselskap etter 2020 inneheld eit eige vedlegg med etiske og sosiale krav som operatør og operatørs ulike underleverandørar skal oppfylle. I vedlegget vert det stilt krav om at produkt og tenester som inngår i leveransar til Skyss skal vere framstilte under tilhøve som samsvarar med dei etiske krava. Dei etiske krava omfattar blant anna

- forbod mot barnarbeid, tvangsarbeid og diskriminering
- forbod mot korrupsjon, bestikkelser og kvitvasking,
- krav om at produksjon av ytingar omfatta av oppdraget skjer i samsvar med den nasjonale lovgivinga i produksjonslandet, herunder krav til ivaretaking av klima og miljø, krav til løns- og arbeidstidsføresegner, krav til helse, miljø og tryggleik, krav til regulære tilsetjingsforhold, og krav til lovfesta forsikringar og sosiale ordningar.

Med tanke på dokumentasjonen vert det stilt krav om at operatør skal søkje å nytte eigna sertifiseringsordningar og liknande for å sikre dokumentasjon, transparens og mest mogleg berekraft i produksjonen og avhendinga av energilagre- og system.

Operatør er forplikta til å etterleve dei etiske krava stilt i kontrakten, både for eiga verksemd og i leverandørkjeda. Oppfyltinga skal dokumenterast ved eigenrapportering, oppfølgingssamtalar og/eller kontroll av arbeidstilhøva. Ved førespurnad frå Skyss er operatør forplikta til å fyller ut eigenrapporteringsskjema, alternativt leggje fram rapport frå uavhengig revisjon gjennomført dei siste tolv månadene. Dersom slik revisjon avdekkar avvik, pliktar operatør utan ugrunna opphald å setje i verk korrigerande tiltak.



Transportkontraktar som er utlyst etter juni 2020 er enno ikkje i drift. Dette gjeld lokalruter båt Sogn og Fjordane (rutepakke 2) og bybåtsambanda (Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Strandkaien). I førstnemnde kontrakt pliktar operatør å levere dokumentasjon på kjemisk samansetting og tilhøyrande informasjon om råstoffutvinninga. For kontrakten om bybåtsambanda er det krav om at vinnande tilbydar leverer dette i tillegg til livsløpsanalyse for batteria.

### 3. Jeanette Onarheim Syversen (R); Om vindkraft

#### SPØRSMÅL 1:

I Fylkesutvalet 17.juni vart det vedtatt eit planprogram til Regional plan for fornybar energi med nokre endringar: «Vestland fylkeskommune legg framleis til grunn at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. På bakgrunn av dette, og med ei prioritering av ressursane mot tema som er venta å bety mest for utvikling av Vestland, skal det gjennomførast ei enkel kartlegging av om det er kommunar som ynskjer å leggja til rette for vindkraft på land, før ein evt. arbeidar vidare med temaet. Fylkesutvalet ynskjer at kommunane er tydelege på arealbruk til vindkraft i urørd natur, evt. mindre vindkraftanlegg i industriområde, og kva omsyn dei meiner bør takast for dei eksisterande vindkraftparkane i fylket».

Dette vedtaket skapte ein viss uro og bekymring mellom vindkraftmotstandarane her vest. Men i fylkestinget i Rosendal 21. juni kunne fylkesordføraren etter spørsmål frå Raudt, forsikre at det var berre å ta det med ro.

I seinare tid ser vi at vindkraftaktørar også her vest igjen er på banen for å få etablert vindturbinanlegg.

*På vegne av Raudt vil eg difor spørje fylkesordføraren om resultatet av den «enkle kartleggjinga» som skulle gjerast. Er det framleis kommunar som ynskjer å leggje til rette for vindkraft på land – og kva for kommunar er dette i Vestland fylke?*

#### SPØRSMÅL 2:

Nyleg vart det kjend at NVE av slo søknaden frå Bremangerlandet Vindpark AS om forlenga konsesjon for vidare vindkraftutbygging på Bremangerlandet. Likevel vurderer eigar, SFE Produksjon AS, å anke vedtaket til Olje- og energidepartementet. Det er mildt sagt oppsiktsvekkjande å sjå at fleirtalet i fylkesutvalet takla dette slik utvalet gjorde, når utvalet i førre veke behandla Fråsegn til 2. gongshøyring av arealdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune.

Fylkesutvalet sitt fleirtal vedtok dette:

«Tiltaksområde BAB 38 Bremangerlandet vindkraftverk vil ha særleg store negative miljøkonsekvensar, når det gjeld landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie areal, klima, sjøfugl, friluftsliv og reiseliv. Fylkesutvalet rår difor til at område BAB 38 vert tilbakeført til landbruks-, natur og friluftsområde dersom Olje og energidepartementet stadfestar NVE sitt framlegg om å stoppa konsesjon til Bremanger Vindkraft AS.»

Bremanger kommune er negativ til vindkraftprosjektet, og det er fleire vedtak på dette i både formannskap og kommunestyre. Fylkesutvalet burde lagt dette til grunn for vedtaket, men gjorde det ikkje. Utvalet kunne ha stemt for kommunedirektøren si tilråding om at område BAB 38 blir tilbakeført til landbruks-, natur- og friluftsområde. På den måten kunne fylkesutvalet stilt seg bak kommunal motstand mot ytterlegare vindkraftutbygging, men gjorde det ikkje. Utvalet valde derimot å avvende det vindkraftvenlege Olje- og energidepartement si avgjerd.

*Raudt viser då til vedtaket om at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Ser ikkje fylkesordføraren at fylkesutvalet sitt vedtak kolliderer med fylkestingsvedtaket?*

#### SPØRSMÅL 3:

Høyanger kommune er ein av kommunane som er pressa av planar om vindkraftutbygging. Her har det vore tre ulike vindkraftselskap (Zehyr, Fred. Olsen Renewables og Eolus), og det er snakk om fire ulike utbyggingsområde. Høyanger kommune har i brev datert 31. aug. til fylkeskommunen svara på kartlegginga som fylkesutvalet vedtok 17. juni. Kommunen sitt svar til fylkeskommunen er å vise til alle dei eintydige kommunale vedtaka som er gjort mot vindkraft.

*Kva vil fylkesordføraren sjølv gjere, eller ta initiativ til, for at fylkeskommunen på ein tydeleg måte lever opp til eigne vedtak om å gå mot utbygging som er i strid med kommunestyrevedtak?*

#### Svar frå fylkesordføraren

##### Spørsmål 1

Kartlegginga ble sendt til kommunane 24.06.22 med følgande spørsmål:

1. Har kommunen gjort vedtak for tilrettelegging av vindkraft på land? Ber om at vedtaket blir lagt ved svaret.

2. Har kommunen gjort vedtak som stoppar for tilrettelegging av vindkraft på land? Ber om at vedtaket blir lagt ved svaret.
3. Om kommunen har gjort vedtak for vindkraft på land i urørt natur eller i industriområde ber fylkeskommunen kommunen om å gjere greie for arealbruk i forbindelse med utbygging og drift.
4. Har kommunen gjort vedtak som viser kva omsyn som bør takast for dei eksisterande vindkraftparkane i fylket?

26 kommunar svarte. Ingen av kommunane som svarte har gjort vedtak for tilrettelegging av vindkraft på land. Svara på alle dei fire spørsmåla vil bli presentert i fylkespolitiske organ seinare i haust, i samband med handsaminga av høyringsutkastet til regional plan for fornybar energi.

### **Spørsmål 2**

Bremanger kommune har sjølv vedteke høyringsutkastet som fylkesutvalet gav fråsegn til. I høyringsutkastet står det: "Vedteken arealstrategi er følgt opp ved at planen ikkje opnar for nye areal for vindkraft. Eksisterande areal, der det er gjeve konsesjon, er vidareført og vist med føremål i plankartet. Dette gjeld Guleslettene, Bremangerlandet og Hennøy." Frå dette ser fylkesordføraren at Bremanger kommune er negative til nye areal for vindkraft, men ikkje til Bremangerlandet, som har fått konsesjon. Fylkesutvalet ikkje går mot kommunen i dette vedtaket.

### **Spørsmål 3**

Fylkestingsvedtak PS 83/2020 gjeld. Vestland fylkeskommune legg til grunn at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Fylkeskommunen lever opp til dette gjennom innspel og fråsegn, både administrativt og gjennom politiske vedtak.

## **4. Stian Davies (AP); Frafall og/eller dårlig psykisk helse både under og etter arbeidskonflikt**

Streiken mellom Utdanningsforbundet og KS er den lengste lærerstreiken i Norgeshistorien, og streiken trappes stadig opp. Det er varslet at onsdag 28. september vil det være omlag 8450 lærere i streik i Norge. Vestland er et av de hardest rammede fylkene i Norge. Aviser melder om at noen elever allerede har mistet rundt 16% av skoleåret sitt. Det er foreløpig ingen løsning i sikte.

Når elevene mister så store deler av skoleåret, er frykten at elevene mister dyrebar læring og mister det viktige fellesskapet som skolene skaper for elevene våre. Arbeiderpartiet er bekymret for at elevene er så lenge vekke fra skolen og undervisning at det vil medføre dårligere resultater og høyere frafall, i tillegg til psykiske helseutfordringer som følge av ensomhet og isolasjon.

Arbeiderpartiet mener at fylkeskommunen allerede nå må gjennomføre tiltak for å motvirke dårlig psykisk helse, dårligere skolerresultater og frafall i videregående skole.

**Derfor har undertegnede følgende skriftlige spørsmål til fylkesordfører:**

- Deler fylkesordfører bekymringen om elevenes læring, psykiske helse og risikoen for økt frafall i videregående skole som følge av de tapte skoledagene?
- Er fylkesordfører enig i at fylkeskommunen nå må ta umiddelbare og langsiktige grep for å forebygge frafall og dårligere psykisk helse som følge av den langvarige konflikten?
- Kan fylkesordføreren redegjøre for eventuelle grep fylkeskommunen allerede har gjort for å forebygge og håndtere frafall og/eller dårlig psykisk helse både under og etter arbeidskonflikten?

### **Svar frå fylkesordføraren**

#### **Spørsmål 1**

Fylkesordføreren deler denne bekymringa. Elevane si mangel på læring og svekka fagleg grunnlag kan få store konsekvensar for elevane. Dette kan medføre at elevane ikkje består skuleåret, og at det er fare for fråfall og omval. Med inntil 15,8% manglande undervisning er dette over fråversgrensa for udokumentert fråvær, jf forskrift til opplæringslova §3-9.

Fylkesordføreren er også uroa for elevane si psykiske helse. Mange elevar hadde vore få dagar på skulen då lærarane vart tekne ut i streik, og mange av elevane har ikkje hatt tid til å etablere kontakt med skule, klasse og

medelevar. Dette kan medføre alvorlege konsekvensar for både elevane for deira psykiske helse, mangel på føreseielegheit og mangel på trygt og godt skulemiljø.

### Spørsmål 2

Fylkesordføraren er samd i dette, og fylkeskommunen har allereie teke grep for å førebygge fråfall og dårlegare psykisk helse. Fleire tiltak, både umiddelbare og langsiktige, blir vurdert fortløpande. Fylkesordføraren ser også eit behov for iverksetjing av fleire tiltak, men dette vil krevje ekstra ressursar. Døme på slike tiltak kan vere:

- nettbasert undervisning
- undervisning utanfor normalarbeidstid
- endring av timeplan
- temabasert opplæring

### Spørsmål 3

Elevar i vidaregåande skule har hatt tøffe år. Det er stor skilnad på kor hardt ramma den enkelte elev har vore av koronapandemien og arbeidskonflikten. Koronapandemien sine følgjer har ført til at mange skular er ekstra gode på førebyggjande tiltak, både retta mot fråfall og mot psykiske vanskar. Denne erfaringa har vore særst nyttig under og vil vere nyttig etter arbeidskonflikten. Mange av tiltaka som vart oppretta under koronapandemien har halde fram i ettertid, og er til hjelp for elevane som er ramma av arbeidskonflikten. Fylkesordføraren vel difor å også omtale tiltak som vart etablert før arbeidskonflikten tok til. Dette er tiltak som førebygger psykisk u-helse og fråfall i den vidaregåande skulen:

- Undervegs i konflikten har elevane blitt oppmoda til å møte på skulen og å drive sjøvstudie mellom anna for å oppretthalde det sosiale miljøet.
- Fylkesdirektøren har i samarbeid med Frisklivssentralen i Bergen, oppretta eit nettbasert kurstilbod til elevar og lærlingar/lærekandidatar med lettare psykiske vanskar. Dette er eit meistringskurs der deltakarane kan vere anonyme, og det er låg terskel for påmelding. Kurset heiter Tankevirus og er utvikla i samarbeid med Helsedirektoratet. Påmelding er opna og kursa vert gjennomført i november/desember.
- Umiddelbare grep for å førebygge fråfall vil mellom anna vere å organisere opplæringa etter streiken slik at elevar med for høgt fråvær kan få kompensert for dette. Fylkesdirektøren er i gang med planlegginga av dette.
- Fleire av dei vidaregåande skulane har tilbod om leksehjelp og open skule – ein møtestad for elevane utanom skuletid. Organisering av tilboda varierer frå skule til skule. Open skule tilbodet er retta mot elevar som treng ein lågterskel sosial møtearena. Mange stader inneheld open skule også middagsservering. Dette tilbodet er særskild viktig for hybelbuarar.
- Det blir fortløpande vurdert behovet for å setje i verk fleire tiltak retta mot elevar som er ramma av arbeidskonflikten.

## 5. Nils Haugland (FP); Tannhelsetenester

### Manglande oppfølging mht. å gje forsvarlege tannhelsetenester:

Historia med søskenparet som har vorte svikta av fleire offentlege instansar er sterk å lesa. Ein mindre del av denne saka går på fylkeskommunens sitt ansvar. Det aktuelle søskenparet som no er i tenåra, har ikkje vore hjå tannlegen gjennom oppveksten. Fylkeskommunen som har sagt seg lei for det som har hendt. Statsforvaltaren sin kritikk av fylkeskommunen rettar seg mot manglande oppfølging og samhandling med andre etatar. Statsforvaltaren konstaterer at desse barna ikkje har motteke forsvarlege helsetenester i oppveksten. Fylkeskommunen viser på si side til eit regelverk frå 2018 som ikkje gav føringar om å vurdere å senda bekymringsmeldingar når føresette takka nei til oppfølging frå den offentlege tannhelsetenesta og heller ønska å nytta privat tannhelseteneste. Fylkeskommunen opplyser at nye retningslinjer kan gjera det lettare å avdekka og varsle mogeleg omsorgssvikt på eit tidlegare tidspunkt.

### Spørsmål:

Vi er trygge på at fylkeskommunen vil gjera alt som er mogeleg for å unngå at noko slikt vil skje igjen.

1. Kva er det viktigaste som fylkeskommunen kan gjera for å retta opp i dette, og kva er status for oppfølginga?
2. Kva er status for dei 181 barna som takka nei til tilbod om offentlig tannhelseteneste i 2021?

## Svar frå fylkesordføraren

### **Spørsmål 1**

Det viktigaste for tannhelsetenesta å følgje opp er å sikre at rutinane er kjent og blir fylgt av alle tilsette.

Ved samanslåing til Vestland vart rutinane til tannhelsetenesta i Hordaland og Sogn og Fjordane gått igjennom og revidert for å forme Vestland tannhelseteneste sine rutinar. Dette har vore eit omfattande og tidkrevjande arbeid, særskild for faggruppa i staben til fylkestannlegen. Hausten 2021 var dei fleste rutinane på plass, publisert i eHandboka i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem og informert ut om til alle tilsette i tannhelsetenesta via verktøyet Teams. Klinikkleiarane har fått særskild gjennomgang av nye rutinar i klinikkleiarmøter. Rutinane har vore tilgjengeleg for alle tilsette i revisjonsprosessen, og klinikkleiarane er bedt om å komme med innspel og hente inn innspel på vegner av dei tilsette på klinikkane.

Tannhelsetenesta har våren 2022 også gått gjennom alle brevular til pasientar for å sikre at ny språklov, og då spesielt klarspråk, blir fylgt opp i informasjonen som blir gitt i frå tannhelsetenesta. Det er i haust på ny sendt ut informasjon til alle tilsette i tannhelsetenesta, både via teams og pr. e-post, om å gjere seg kjent med aktuelle rutinar. Rutine ved manglande oppmøte, rutine ved nei takk til tilbodet og rutine for bekymringsmelding har fått særskild merksemd for å sikre at dei er kjent og blir fylgt.

Fylkestannlegen vil også følgje opp temaet på neste klinikkleiarsamling. Faggruppa i staben jobbar i tillegg med årshjul, handbok og sjekklister for klinikkleiarane, slik at klinikkane har faste tidspunkt for gjennomgang av spesifikke tema og får jamleg oppfrisking av rutinane i tenesta.

Fylkestannlegen har sett ned ressursgruppe barnevern med personar med særleg kompetanse på å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep mot barn og unge. Ressursgruppa skal, i lag med leiargruppa til tannhelsetenesta, jobbe for at Vestland tannhelseteneste er best mogleg i stand til å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep mot barn og unge. Ressursgruppa støttar leiargruppe og stab i arbeidet med å sikre at alle tilsette blir kjent med og fylgjer rutinane i tenesta.

Der tannhelsepersonell har behov for å snakke om grunnlaget for avgjerda om å melde til barnevernet, skal ressursgruppe barnevern vere til fagleg støtte og hjelp i saker der det er behov for det.

### **Spørsmål 2**

Føresette og pasienten (frå 16 år) har rett til å takka nei til tannhelsetenesta sitt tilbod og i 2021 var det 181 personar som takka nei. Kvar einskild tannklinikk går gjennom lista av personar som har takka nei kvart år, ved årsslutt, i tråd med gjeldande rutine. Tannklinikken kallar inn dei pasientane der tannklinikken har behov for ny stadfesting på at pasienten/føresette framleis takkar nei til tilbodet og for å få oppdatert informasjon om kven pasienten blir fylgt opp av slik at tannklinikken kan få dokumentasjon på at pasienten får oppfølging hos privat tannhelseteneste. Personen vil bli ført opp på lista over pasientar som takkar nei igjen når tannklinikken har tatt i mot nødvendig dokumentasjon på at pasienten får oppfølging. Dersom tannklinikken ikkje får dokumentasjon på at pasienten får oppfølging hos privat tannhelseteneste, vurderer tannklinikken å sende bekymringsmelding til barnevernet.

## **6. Nils Haugland (FP); Om trafikkisikring**

I Bergensavisen 23.09.2022 kunne vi lesa om bekymring frå foreldre til elevar ved Varden Skole. Vegkrysset ved barneskulen ser ut som eit overgangsfelt, men det er ingen kvite striper i vegen på denne overgangen. FAU ved skulen har sidan 2017 sendt spørsmål til vegstyresmakter for å få til ei betre og tryggare løysing. No er tolmodet slutt, og foreldra vurderer å kjøpa inn maling og sjølv mala denne overgangen.

Vi kan og lesa at det no er dialog med fylkeskommunen og at det vert førebudd ei trafikktryggleiksutgreiing saman med kommunen, politiet og Statens vegvesen der skulen og FAU vil vera i tett samarbeid med denne arbeidsgruppa. Dette arbeidet vil då kunne vera ferdig i 2024.

Det er godt å lesa at det no vert igangsett eit arbeid for å betra trafikktryggleiken i området. Men det er langt fram til dette vert utført og vi har ingen barn å miste.

**Spørsmål:**

Fylkeskommunen seier det kan vera aktuelt å gjennomføra eit såkalla prioritert tiltak der. Då kan ein gjera strakstiltak samstundes som den større utgreiinga vert utført.

1. Kva er status for vurderinga av eit slikt prioritert tiltak for elevane ved Varden skule?
2. Vert ordninga med slike strakstiltak ofte nytte, og korleis vurderer fylkesordføraren nytta av slike tiltak?

### Svar frå fylkesordføraren

#### **Spørsmål 1**

Me førebur oppstart av trafikksikringsutgreiing som i hovudsak blir avgrensa til Varden skulekrins med planlagt oppstartsmøte i november i år. I dette arbeidet er det aktuelt å vurdere dagens tilrettelagte kryssingspunkt, og eit eventuelt gangfelt må vurderast etter gangfeltkriterier i SVV håndbok V127 *Kryssingssteder for gående* som innheld krav til kryssingsmengde, fartsnivå, veglys m.m. Eit tilrettelagt kryssingspunkt, med nedsenk i fortauskant, vert typisk etablert der gangfeltkriteria ikkje vart oppfylt på vurderingstidspunktet. Denne situasjonen kan ha endra seg slik at det i trafikksikringutgreiinga vil utførast ny registrering og teljing, og ut frå dette grunnlaget kan det tenkast ei vurdering av eit prioritert tiltak. Utgreiinga skal kome fram til anbefalte tiltak retta mot sikring av fotgjengarar, skulevegproblematikk og andre trafikksikringstiltak med utgangspunkt i dagens situasjon. Rapporten kan kome fram til både kortsiktig- og langsiktig trafikktryggingstiltak. Arbeidsgruppa vil bestå av representantar frå Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, politiet og Statens vegvesen, og vil ha nært samarbeid med skule og FAU. Gjennomføring av prioriterte tiltak vil bli iverksatt i etterkant av rapportarbeidet.

#### **Spørsmål 2**

Me registrerer svært mange innspel og forslag om trafikksikringstiltak på fylkesveg som blir fagleg vurdert. Gjennomføring av tiltak vert etter prioritering med høgast trafikksikringseffekt og innafør vedtekne løyvingar.